

Sjekkliste for eksamensarrangør 2022 - Autorisasjon plantevern

Kommunen bør i god tid før eksamen kontrollere at dei har fått tilsendt riktige og mange nok eksamensoppgåver, samt riktig etikett med tosidig og leseleg tekst. Sjå elles Informasjonsskriv for 2020 om autorisasjonsordninga for plantevern og gnagarar, som Fylkesmannen i Vestland sende ut i januar 2020.

Oppgåver for kommunen før og under eksamen:

- Dele ut riktig eksamensoppgåve inkludert rett etikett, for plantevernmiddel til registrerte personar på deltakarlista (sjekke ID og alder ved behov).
- Dele ut informasjonsskriv om autorisasjonsordninga
- Sørgje for at kandidatane sit med tilstrekkeleg avstand.
- Informere om punkta under.
- Setje i gang eksamen, halde oppsyn og avslutte i rett tid.
- Sjå til at alle innleverte eksamenssvar er fylt ut med både personnummer, adresse og kva for verksemd (namn eller organisasjonsnummer) som skal nytte plantevernmiddel eller gnagarmiddel.

Følgjande informasjon bør bli gitt til kandidatane før eksamen tek til:

- 1. Du kan velje mellom eksamen/oppgåve på nynorsk eller bokmål, i dei fleste tilfella.**
Personar med spesielle behov kan få tilbod om munnleg eksamen eller ekstra eksamenstid (1/2 time ekstra etter søknad på førehand).
- 2. Dersom du ikkje består, kan du kontakte kommunen du bur i for å ta ny eksamen / oppgåve.** Du må då betale ny eksamensavgift på 210,- Kursarrangørane har oftast inkludert éin eksamensavgift i kursavgifta. Det er ikkje nødvendig å ta sjølve kurset på nytt.
- 3. Ein bestått eksamen er i seg sjølv ikkje nok for kjøp og bruk av plantevernmiddel.** Du må i tillegg få godkjenning for autorisasjon frå kommunen, og autorisasjonsbevis frå Mattilsynet.
- 4. Skriv på første sida i eksamenssvaret kvifor du har behov for autorisasjonsbevis.** Til dømes *drift på eigen gard* (skriv namn på føretaket dersom anna enn ditt namn) eller *namn på firma du er tilsett i* (til dømes gartneri, grøntanleggssfirma eller forhandlar).

Kommunen vil vurdere slike yrkesmessig behov og tinge autorisasjonsbevis som kjem i posten sendt frå Mattilsynet (5-8 veker). Berre personar som har fylt 18 år og har *yrkesmessig behov* kan få autorisasjon.

Varigheit og tillatne hjelpemiddel:

Eksamen – ved autorisasjon for første gang

Eksamen er ein skriftleg prøve på 1 time.
Ingen hjelpemiddel utanom kalkulator er tillate.

Avsluttande oppgåve – ved fornya autorisasjon

Den avsluttande oppgåva er ein skriftleg prøve på 1 time.
Det er her tillate å bruke hjelpemiddel, som kursbøker, eigne notat og kalkulator.